



Bjørn Steffen Thorsen
Løypetona 37
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/2662 - 16/11119

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
07.06.2016

Godkjenning - Klage på handsamingsgebyr, UDU sak 29/2016, dispensasjon gbnr 23/3

Administrativt vedtak. Saknr: 178/2016

Saksutgreiing:

Saka gjeld:

Bjørn Steffen Thorsen (tiltakshavar) har ved skriv dagsett 19.5.2016 påklagt handsamingsgebyret Meland kommune har krevd i samband med vedtak om Dispensasjon på vilkår for riving og gjenoppføring av våningshus på gbnr 23/3 etter Pbl §§ 19-2 og 1-8.

Klagen er begrunna i at frist for handsaming av saka er overholdt.

Fakturaen klagen gjeld har fakturanr 11005433, stor kr 10800,-

I klagen frå tiltakshavar er følgjande gjort gjeldande:

«Vedrørende faktura 11005433, Handsamingsgebyr, UDU sak29/2016, dispensasjon 23/3

Dets ser ut til at det har skjedd en kommunikasjonsvikt mellom teknisk etat og økonomikontoret i henhold til størrelsesordenen på vedlagt fakturakopi. Dette sett i forhold til det tidsbruk som er medgått, tatt i betraktning byggesaksforskriften § 7-4 «Tidsfrister ved søknad som kun gjelder dispensasjon». Her står det, som dere sikkert er kjent med, at fristen skal avgjøres innen 12 uker fra søknaden er motatt til vedtaket er sendt.

Etter våre mate, atiske kunnskaper, har vi klart å finne ut at denne fristen ikke er overholdt. Da er det lovpålagt med en redusert faktura, i henhold til størrelsesordenen på den tid som er løpt, utover de lovpålagte 12 uker.

Dere får være overbærende med oss hvis vi tar feil, men vårt regnestykke ser faktisk slik ut:

Søknad om dispensasjon, mottatt 6/10 2015

Rettelse av søknad 3/11 2015

Melding om vedtak sendt 21/4 2016

Hvis vi ser på tidsrommet mellom 6/10 til 21/4, vil det utgjøre nærmere 29 uker, eller for å være helt spesifikk 28 uker og 2 dager.

I lovverket står det at fristen kan forlenges hvis rettelser er gjort. Hvis man ønsker å gjøre dette, kan tiden regnes fra siste rettelse. Det kan vi gjerne forestille oss at kommunen ønsker. Da blir behandlingstiden fra 3/11 2015 til 21/4 2016, 24 uker og 2 dager.

Det står i lovverket at tiden søkeren ligger hos fylkesmannen skal fraregnes behandlingstiden.

Søknaden har vært inne til fylkesmannen 2 ganger. Maks behandlingstid hos fylkesmannen er 4 uker. Vi sitter ikke med nøyaktige tider her, så hvis vi går for maksimal behandlingstid hos fylkesmannen, og regner dette fra tidene ovenfor, vil allikevel behandlingstiden være overskredet med 10 uker og 2 dager. Eller, hvis kommunen synes at de ønsker andre alternativ, 6 uker og 2 dager.

Som det fremkommer av kommentarene over, mangler vi en del underbilag, for å komme konkret fram til riktige tall. Og riktig nok er det vel ikke vår jobb å gjøre.

Vi håper derfor at de ansvarlige i kommunen kan komme oss i møte med et reelt oppsett på tidsforbruket, kopier av eventuelle underretninger om nye frister/ utsettelser, som vi ikke kan se å ha mottatt, og tilslutt hva den reelle faktura skal lyde på.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap.

Vurdering:

Klage over gebyr:

Søknad om dispensasjon var journalført 6.10.2015.

Revidert søknad om dispensasjon var journalført 3.11.2015.

Søknaden var sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordalandsfylkeskommune 16.11.2015. Frist for å komme med høyringsuttale er 4 veker.

14.12.2015 var det ikke motatt uttale fra sektormyndigheter.

2.3.2016 kom det uttale fra Kulturavdelinga i kommunen, administrasjonen orienterte ikke søker skriftleg om at fristen ville bli oversittet i samsvar med SAK10 § 7-4 bokstav b. På grunn av

manglande uttale frå kulturavdelinga, var ikkje saka klar for handsaming i Utval for drift og utvikling (UDU) møtet som var 26.1.2016.

Saka vart handsama i neste UDU møte 1.3.2016. Klageretten Fylkesmannen og Hordalandsfylkeskommune har på 4 veker var ikkje nytta, og UDU vedtak- 29/2016 var gyldig 29.3.2016.

Meland kommune tar klagen til følgje og viser til Pbl § 21-7, fjerde ledd: «*Søknad om tillatelse til tiltak etter § 20-2 som krever dispensasjon fra plan eller planbestemmelser, skal avgjøres av kommunen innen 12 uker. Fristen løper ikke i den tiden søkeren ligger til uttalelse hos regionale og statlige myndigheter, jf. § 19-1.*»

Tiltaket er avhengig av dispensasjon etter Kap 19 før løyve til tiltak etter Pbl § 20-2 kan handsamast. Søkjar søkte i første omgang berre om dispensasjonen, og det vert vist til SAK10 § 7-4:

«*Følgende tidsfrister gjelder for behandling av søkeren som kun gjelder dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19:*

a. *søknad om dispensasjon etter plan- og bygningsloven § 19-2 skal avgjøres innen 12 uker. Fristen gjelder fra søkeren er mottatt og til vedtak er sendt. Fristen kan forlenges med den tid som medgår til feilretting eller supplering av opplysninger. Fristen løper ikke i den tiden søkeren ligger til uttalelse hos statlige og regionale myndigheter, jf. plan- og bygningsloven § 19-1.*

Kommunen kan forlenge fristen dersom saken er særlig komplisert, krever ekstra politisk avklaring eller der undersøkelse på barmark er nødvendig.

Det vert vidare vist til SAK10 § 7-6: *Gebyrbortfall ved kommunens fristoverskridelse og Pbl § 21-7 første og fjerde ledd og tilbakefører tiltakshavar 25% av det totale gebyret for hver påbegynt uke tidsfristen overskides.*

Administrasjonen har ikkje overholdt fristen på 12 veker frå søkeren var mottatt 6.10.2015 til vedtaket er sendt søker 29.3.2016, då medrekna den tid fristen blei forlenga med tida som medgjekk til feilretting og supplering av opplysningar, og tida som medgjekk når søkeren låg til uttalelse hos statlige og regionale myndigheter.

Handsamsingsgebyr for UDU sak 29/2016, dispensasjon gbnr 23/3 blir nedskriven med kr 10800,-

Vedtak

«Meland kommune tar klagan over gebyr på kr 10800,- fakturanr. 11005433 til følge, jmf. Pbl § 21-7 og SAK10 § 7-6, i UDU sak 29/2016, og gebyrbortfall ved kommunens fristoverskridelse ved handsaming av dispensasjon på gbnr 23/3 vert nedskriven til kroner 0,-.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagan skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagan skal grunngjenvaast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bjørn Steffen Thorsen

Løypetona 37

5918

FREKHAUG